



LINDÅS KOMMUNE

Byggesak

Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 Bergen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/5908 - 14/24451

Saksbehandlar:

Kristin Nielsen

kristin.nielsen@lindas.kommune.no

Dato:

31.10.2014

Oversending av søknad til uttale - gbnr 109/28 Saltnes

Saka gjeld søknad om dispensasjon og eit-trinnssøknad for oppføring av to tilbygg på til saman 19,6 m² til eksisterande fritidsbustad.

Det er søkt om dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen sin arealdel, og frå byggeforbodet i 100-metersbeltet langs sjøen, jf. pbl § 1-8.

Det ligg ikkje føre nabomerknader.

Planstatus

Eigedommen ligg innanfor planområdet for «Kommunedelplan for Lindåsosane». Inntil denne planen vert vedteken, er det «Kommuneplan for Lindås kommune 2003-2014» som er gjeldande plan for eigedommen.

Tiltaket krev dispensasjon frå arealføremålet LNF i kommuneplanen sin arealdel. Det krev også dispensasjon frå pbl § 1-8 som gjeld byggeforbodet i 100-metersbeltet langs sjøen.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM






Utklipp frå «Kommuneplan for Lindås 2003-2014» som syner den omsøkte eigdommen: gbnr. 109/28.



Flyfoto av same område som kartet over syner.



Den eksisterande fritidsbustaden.

VURDERING

Dispensasjon

Tiltaket er i tråd med den eksisterande bruken av eigdommen. Det søkast om to små, enkle tilbygg til den eksisterande fritidsbustaden. Tiltaket fører med seg små inngrep, og vil ikkje endre verken bygningen sin eller området karakter i vesentleg grad.

Kommunen stiller seg positiv til tiltaket.

Det vert vist til innsendte søknad med vedlegg som følgjer med denne oversendinga.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Kristin Nielsen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Berit Irene Lærk Thorsen

Østre
Breivikskjenet 4

5179

GODVIK

Mottakrar:Fylkesmannen i Hordaland
Hordaland fylkeskommunePostboks 7310
Postboks 79005020
5020Bergen
BERGEN